

# BOKN BYGDABLAD

NR. 2 - MARS 1997 - ÅRG. 12

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## EUROPIPE II:

### MOTSEGN FRÅ KYSTVERKET

*Det har ikke gått heilt knirkefritt for Europipe II-utbyggjaren STATOIL i samband med utbyggingsplanane og traseen på sjøbotnen mellom Austre Bokn og fram til Kårstø. Då høyningsfristen gjekk ut den 7. februar, låg det føre ei motsegn til planen frå Kystverket. Etter dette har det vore halde møte med bl. a.*

*Kystverket, og ein ventar nå på ei avklaring på dei spørsmåla som er tatt opp.*

*STATOIL har også i dette nr. av Bokn Bygdablad bidratt med informasjon til leserane om kor langt prosjektet er kome pr. i dag, og orienterer også om motsegna frå Kystverket:*

**Høringsfristen for reguleringsplanen gikk ut 7. februar, og blant svarene er det kommet inn én innsigelse til planen, fra Kystverkets 2. distrikt. Dette vil sannsynligvis føre til at Fylkesmannen i Rogaland må forestå en megling mellom partene. Dersom et slikt meglingsmøte ikke fører fram, vil saken bli oversendt miljøverndepartementet for endelig avgjørelse. Ellers er det sendt søknad til Vegsjefen om tillatelse til bruk av veiene på Bokn til transport av tungt og langt utstyr. I det følgende beskrives litt av den aktiviteten som vil foregå på veiene i forbindelse med anleggsarbeidet.**

#### **Veiene på Bokn**

Rigging for hoved-anlegget på Bokn vil skje i løpet av desember 1997, men allerede fra august i år vil det starte opp mindre anleggsarbeider på Knarholmen og andre forberedelsesarbeider. I begynnelsen av januar 1998 vil vi begynne med transport av stort/tungt utstyr, og 2 - 3 uker senere vil rørleggingen kunne starte. Rørene og det meste av anleggsutstyret vil ankomme Knarholmen på Vestre Bokn med båt. En del rør vil bli lagret innenfor industriområdet, mens noe vil bli kjørt ut langs traséen umiddelbart. Også anleggsmaskiner og anleggsutstyr forventes i det alt vesentligste å bli transportert fra Knarholmen og til anleggstraséen.

## Kjøreruter

Statoil ser for seg følgende muligheter for utkjøring av rør, anleggsutstyr og ventiler:

### Rute A:

Fra Knarholmen og nordover langs Fv 891 til Halvarkrossen hvor en dreier vestover og sørover i Boknabergkrysset langs Fv 897 til en møter anleggsveien i traséen i vestkanten av Boknabergvatnet. For transport til Sæbø, vil ruten fortsette rett nord i Halvarkrossen til veien krysser anleggstraséen.

### Rute B:

Fra Knarholmen og sørover langs Fv. 891 til Vatnalandkrysset, nord for Vatnalandsvatnet til Auklandskrysset og Fv 892 nordvestover til veien møter rørtraséen.

### Rute C:

Fra Knarholmen og sørover langs Rv 1 til Arsvågen, videre nordover langs Fv 894 til Vatnalandskrysset, og videre langs ruten som beskrevet i Rute B.

Rute D: Følger Rute A til nordvestsida av Boknabergvatnet, men fortsetter langs Fv 892 til Trosnavåg og videre langs den nye veien (se reguleringsplanen) fra Fv 892 til ventilstasjonen helt i vest. Denne ruten er kun aktuell for transport av ventilene.

Rute E: Rørtransporten til Austre Bokn vil følge Rv 1 fra Knarholmen, og den har to avkjørsler fra Rv 1 inn mot traséen. Den første ligger ca 400 m nord for Tåganes, mens den andre ligger ca. 100 m nord for tunnelen på Austre Bokn. Begge avkjørslene med tilhørende anleggsveier er søkt regulert som midlertidige anleggsveier i reguleringsplanen.

## Antall lass med rør og anleggsutstyr

Vi vil anslå at det tilsammen vil være nødvendig med transport av ca. 300 lass med rør og ca. 120 lass med anleggsmaskiner og anleggsutstyr fra Knarholmen til traséen på Vestre Bokn. Ca 25 av disse lassene blir fraktet til Sæbø i forbindelse med kryssing av Boknasundet. Dersom rute A benyttes med last, kan rute B og C benyttes til retur uten last osv.

Det er beregnet at det tilsammen vil være nødvendig med ca. 100 lass med rør og et tilsvarende antall lass med anleggsutstyr til Austre Bokn. Det sørligste innkjørselen vil bli benyttet for ca. 10 lass, mens på anleggsveien nord for tunnelen vil det bli kjørt ca. 90 lass med rør. I tillegg forventes det å kjøre 2 - 3 lass med utstyr/rør langs Fv 897 til tunelllinnslaget.

Vi vil understreke at dette er foreløpige beregninger, men de kan gi et inntrykk av aktiviteten langs veiene.

## Folkemøte

Bokn kommune og Statoil ønsker å invitere til åpent informasjonsmøte på Boknatun torsdag 13. mars kl. 19.00. Programmet er ikke endelig fastlagt, men det vil bli orientert om framdriften i prosjektet, anleggsdriften og om de tiltak som er tenkt gjennomført for å få landskapet tilbakeført til det opprinnelige. Det vil også bli anledning til å stille spørsmål i forbindelse med gjennomføringen av prosjektet. Møtet vil bli nærmere kunngjort ved oppslag og i avisene.

# **KOMMUNEPLANKONFE RANSE DEN 15.MARS**

## **KOMMUNEN VIL TA INNBYGGJARANE MED PÅ RÅD**

Som du kanskje kjenner til har kommunestyret vedtatt å starta med kommuneplanarbeid. Grunnlaget for planarbeidet skal vera ein brei medverknadsprosess i alle planleggingsfasene.

Fyrste ledd i medverknadsprosessen vil vera å finna ut kor me står, kva fungerer godt, kva fungerer ikkje, og kva kan me gjera for at Bokn kan utvikla seg slik me ynskjer det.

Bokn kommune har invitert rundt 80 av innbyggjarane frå ulike deler av kommunen til å drøfta sterke og svake sider ved Boknasamfunnet i dag, kva ein ser som framtidige trusslar, og kva det kan vera muleg å utvikla i Bokn i framtida. Dette skal skje laurdag den 15. mars på Bokn skule på dagtid.

Kommuneplanleggjar Kåre Frøland frå Karmøy kommune og forskar Yngve Carlsson frå Norsk institutt for by- og regionforskning blir med. Begge har erfaring med denne medverknadsmetoden i kommune plansamanheng.

Programmet for dagen vil innehalda


foredrag av Yngve Carlsson om medverknad frå befolkninga for å skapa optimisme og trivsel i lokalsamfunnet.

Kommuneplanleggjar Kåre Frøland vil orientera om arbeidsforma før gruppearbeid. Etterpå vil ein i grupper sjå på svake og sterke sider ved Boknasamfunnet i dag og seinare presentera dette i felles forum.

Seinare skal gruppene så sjå på kva det er muleg å utvikla i lokalsamfunnet i positiv retning. Ein vil så på bakgrunn av vurdering av sterke og svake sider, trusslar og muleheiter setja opp 5 innsatsområde som det bør satsast på.

Til slutt vil ein dra konklusjonar omkring korleis ein skal arbeida vidare, og korleis dette arbeidet skal organiserast.

Det er viktig at innbyggjarane kan vera med og styra utviklinga av lokalsamfunnet. Ein håpar difor at så mange som muleg av dei som er inviterte set av denne laurdagen.



**Arealplanlegging  
gjeld  
oss alle**

## **80 MEDLEMMER I SPEIDARGRUPPENE I BOKN**

### **MEDLEMSUTVIKLING:**

Årsmeldinga frå 1. Bokn KFUM - Bokn 1. KFUK viser at med stort og smått tel nå flokken 80. Det er ei jamn fordeling på 39 jenter og 41 gutter. Det at heile 20 nye ulyngar og meisar starta opp i speidaren hausten 1996, var med på å auka medlemstalet til rekordtal.

	<b>1996</b>	<b>1995</b>	<b>1994</b>	<b>1993</b>	<b>1992</b>	<b>1991</b>
Ulvungar og meisar	20	16	—	—	—	—
Speidarar	41	42	40	41	41	36
R/R og unge leiarar	12	12	9	8	6	3
Leiarar (gamle)	7	7	7	8	9	8
Sum medlemmer	80	77	56	57	55	50

### **SPEIDARTROPPA SINE AKTIVITETAR**

#### **Patruljemote:**

Speidarane hadde i 1996 23 patruljemøte. Der har dei faste postar som andakt, leikar og konkurransar. I tillegg har dei hatt tema som førstehjelp og sikkerhet, kart og kompass, primitiv mat, fuglar og dyr, planter og trær, kanopadling, nevenytthet, Kfum/Kfuk-kjennskap, morse, knutar og surringar. Nesten 90% framme har det vore.

#### **Førarpatruljemote og turar:**

Førarpatrulja hadde to turar med overnatting og seks andre møte og turar. I januar kurs/arbeidsmøte på Sandbekken. I september kanotur med overnatting på Storavatnet i Tysvær. Elles besøk på Radio 102, Bowling og Pizzakveld. Til saman 8 førarpatruljemøte og turar.

#### **Troppsmøte/arrangement:**

Speidarane har arrangement for samla tropp ca. ein gong kvar mnd. Det har vore julefest i januar på ein hemmeleg stad i skogen, førstehjelpsøving, speidarbasar, arrangement med primitiv mat i naturen, arrangementet "Kampen om Vikingskipet" i Kongshavn, St. Hansfeiring i Peralia, leirbålskveld på Are, patruljekonkurranse og fakkeleremoni til ære for nye speidarar i Klepp, opptaksfest i november og juleavslutning i desember. Til saman 12 møte/arr.

#### **Troppsturar - to stk.:**

7. - 9. juni til Vågholmen og 1. - 3. november til Vigdarheim.

#### **Kretsleir til Frette:**

Leiren var i Stordalen, Etne. Frå Bokn var det 35 med totalt. Fint opplegg, godt ver, men haiken til fjells var i hardaste laget.

## **Speidargudstenester:**

Løftefornying 17. mars og lysmesse den 1. desember.

### **17. mai:**

Speidarane hadde kiosksal, karusell og ryddesjau etter arrangementet på skulen.

## **ULVUNGE- OG MEISEFLOKKEN SINE AKTIVITETAR**

### **Ulvunge/meisemøte:**

Ulvungane og meisane hadde møte annakvar veke. Tema var m.a.: knutar, fuglekasse-spikring, rebus-lop i bygda, tre-planting, sjå til fuglekassane, naturkunnskap i fjøra, sjøvett og badereglar, grillfest ved sjøen, natur og jungel m.v. Nokre gonger saman med speidarane på arrangement. Til saman 16 arrangement.

### **2 overnattingsturar:**

Meisane hadde ein overnattingstur til Rønningen i tysvær 15. - 16. mars og ein til Søljehaug i Skjold frå 27. - 28. september.


## **ROVER/RANGER-LAGET SINE AKTIVITETAR**

Dei stiller sterkt opp når speidartroppa skal på tur. Dette er nødvendig for at arrangementa skal bli velluka. Dei har arrangert rekefest for R/R lag frå heile Haugalandet på Bokn, og haik for speidarane på Bokn i haustferien.

Sist haust har dei hatt ansvar for "ope hus" på bedehuset annakvar fredag.

### **Takk for all støtte**

I slutten av årsmeldinga takkar leiinga for speidarane alle som støttar speidaren økonomisk og i forbøn. Dei takkar også kasserar Bertha Våge og sjåfør Odd Grønnestad. Sistnemnde er både villig og billig når det gjeld busstransport. Leiariane seier det er inspirerande å oppleva at einskildpersonar og folk elles i bygda støttar godt opp om arbeidet.





## TRYGDEKONTORET INFORMERER:

Trygdeetaten

### REIS- OG OPPHALDSUTGIFTERI SAMANHENG MED UNDERSØKINGOG BEHANDLING(1997).

Folketrygda dekker vanlegvis reiseutgifter i samanheng med undersøking og behandling hos lege, på sjukehus eller annan helseinstitusjon. Føresetnaden er at behandlinga blir dekkja av folketrygda. Reisegodtgjersle dekkast som regel ved transport på billigaste måte.

Det blir trekt ein eigendel på inntil kr. 90,- tur/retur som skal førast inn på eigendelskortet ditt.

Utgiftstaket for eigendelar er for 1997 kr. 1.290,-.

Eigendel som overstig minstetakst for rutegående transport kan også førast på kortet/refunderast når du har frikort sjølv om beløpet ikkje overstig kr. 90,- tur/retur.

Minstetakst pr.idag er kr. 16,- for vaksen, kr. 8,- for barn/honnørbillett.

#### BRUK AV EIGEN BIL OG EKSTRASKYSS.

Du får ei godtgjersle på kr. 1,45 pr.km ved bruk av eigen bil i samanheng med slike reiser.

Ved øyeblikkelig hjelp dekkast dei nødvendige utgifter.

#### DROSJE.

Viss du av medisinske grunnar må ha drosje, for at du ikkje kan reisa på anna måte, må legen din skriva ut ein rekvisisjon til deg som du leverer til drosjesjåføren. Du vil då berre bli krevd for eigendelen på inntil kr. 90,- tur/retur.

Drosjesjåføren skal enten kvittera for eigendelen i kortet ditt eller gi deg ein kvittering på beløpet som trygdekontoret kan overføra til kortet.

#### LEDSAGAR.

Viss pasienten er barn eller på grunn av sin helsetilstand treng følge under reisa, får ledsagaren dekka utgifter til reis og opphold.

Nødvendig ledsagar kan få erstatta dokumentert tapt arbeidsinntekt med inntil kr. 69,- pr. time. Viss ledsagar ikkje er nær pårørande og ikkje tapar arbeidsinntekt, kan han eller ho likevel få ei mindre godtgjersle på kr. 12,- pr. time

#### KOST OG LOSJI.

Du får kostgodtgjersle hvis den effektive fråværstida frå heimen overstig 12 timer. Godtgjersla er for tida kr. 122,- pr. time.

Utgifter til losji dekkast mot kvittering med inntil kr. 170,- pr. døgn hvis overnattinga har funne stad på hotell, pensjonat gjestgiveri el.l. Hvis opphaldet varer seks døgn eller meir samanhengande der undersøkinga eller behandlinga foregår er det spesielle reglar for dette.

NB. IFØLGE LOVEN KAN IKKJE UTGIFTENE DEKKAST VISS DET HAR GÅTT MEIR ENN SEKS MÅNADER ETTER AT KRAVET KUNNE VORE SETT FRAM.

# **KVA SKAL DU GJERA HVIS DU PÅ GRUNN AV HELSA DI IKKJE KAN NYTTA BUSS NÅR DU SKAL TIL UNDERSØKING OG BEHANDLING.**

Reiseutgifter som ein har i samanheng med undersøking og behandling hos lege, på sjukehus eller anna helseinstitusjon blir dekka på billigaste reisemåte.

Dersom du ikkje kan nytta buss (når dette er billigast) av omsyn til helsa di må du be legen skriva ut ein rekvisisjon på dette.

Dette gjeld både når det skal nyttast drosje og eigen bil.

Dersom du ikkje har fått rekvisisjon fra legen vil billigaste utgifter bli nytta når trygdekontoret skal gjer opp for reisa di.

## **EIGENDEL- VIKTIGE LEGEMIDLER MV. (BLÅ RESEPT) 1997**

Barn under 7 år	- Ingen eigendel
Barn mellom 7 og 16 år	- 12% av reseptbeløpet men ikkje meir enn kr 110 pr. resept
Vaksne	- 36% av reseptbeløpet men ikkje meir enn kr 330 pr. resept
Personar over 67år og uførepensjonistar	- 12% av reseptbeløpet men ikkje meir enn kr 110 pr. resept



## **SEMINAR/FERIE FOR ELDRE PÅ MOI HOTELL 26. MAI - 31. MAI 1997**

Norske Kvinners Sanitetsforening arrangerer også i år eit seminar og ferieopphald ved Moi Hotell. Det går fra mandag den 26.mai til laurdag den 31.mai.


Programmet inneholder forskjellige emner som m.a. blomsteroppsetjing, kveldsunderhaldning, friluftstur, trimøvingar innadørs, lysbilder, bingo helseopplysningsforedrag, mannekengoppvisning, tur til fabrikkutsal på Moi, omvisning på museum m.v. Så er det sjølvsagt inkludert full pensjon med alle måltider på hotellet. Det er sjukleiar med på heile seminaret.

Dette ferieopphaldet er ein kombinasjon av at ein både kan slappa av, læra nyt og vera saman og bli kjend med andre. Turen er svært populær, og det har tidlegare også vore med folk frå Bokn.

Opphaldet kostar til saman kr. 2.200,- pluss reise. Det kan passa godt å reisa to eller fleire saman.

Buss går frå hurtigbåtterminalen i Stavanger mandag den 26. mai kl. 12.00, og returnerer laurdag kl. 10.00 frå Moi når opphaldet er over.

Interesserte kan venda seg til Inger Sønnøe Bokneberg eller Reidun Grønnestad for å få program eller andre opplysningar vedr. påmelding. Ikkje vent for lenge med påmelding dersom du er interessert.



# ROSEMØTE

Onsdag den 19. mars kl. 19.00 kjem Odd Haukås og fortel om kva sort roser som er gode for vestlandsklimaet - planlegging og stell.

Har du litt interesse for roser, så møt opp, for dette er eit flott foredrag på eit folkeleg plan.

*Kaffi og utlodning - Alle er velkomne*

ARR: BOKN HAGELAG

PS! DET BLIR IKKJE SENDT UT LAPPAR I POSTEN

## **VARAMEDLEM TIL FYLKESSTYRET I HAGELAGET**


På årsmøtet i Hageselskapet avd. Rogaland den 15. februar blei Ragnhild Trosvåg valt inn som varamedlem. Saman med Ragnhild var også Eva Brunborg Svendsen utsending til årsmøtet. Dei deltok også på ei flott vårmesse som blei arrangert på Viste Strandhotel parallelt med årsmøtet.

## **TRAFIKKURS FOR BILFØRARAR OVER 60 ÅR**


Folkeuniversitetet Rogaland og trafikkavdelinga ved Rogaland vegkontor arrangerer trafikkurs for bilførarar over 60 år.

Dei første kursa for denne aldersgruppa starta opp i 1996, og arrangørane har fått svært god tilbakemelding frå deltakarane. 214 personar har fullført kurs i Rogaland i 1996.

Det har stor betydning for dei fleste som kjem opp mot pensjonistalderen å kunna koma seg ut, anten med eigen bil eller andre kommunikasjonsmidlar. Særleg når ein bur litt avsides, er det nok eigen bil som er mest praktisk. Det er nokre av dei eldre som ikkje kjører lengre enn lokalt på Bokn fordi dei synes det er så vanskeleg å kjøra t.d. i rundkjøringar og i byar med meir trafikk.



Kurset er oppdelt i ein praktisk del og ein teori-del. Ein går gjennom nokre av dei nye trafikkreglane pluss emne som rundkjøringar, vike- og stoppeplikt, venstresving i kryss, korleis kompensera for alderen m.v. Eigenandelen er kr. 600,- pr. deltakar. Er du interessert i kurset, ring Folkeuniversitetet i Haugesund, tlf. 52 72 65 88.



# VELKOMMEN TIL BIBLIOTERET

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30  
ONSDAG : 16 - 19.00  
TORSDAG: 10 - 13.30

### LES NOE :

Fra  
første stund

Fantastisk

Skrekkelig

Spennende

#### VAKSNE

Clancy, Tom:  
Fra høyeste hold

Clark, Mary Higgins:  
Kjærlighetsmordet

Ludlum, Robert:  
Kodenavn: Sting

Mason, David:  
Det onde øye




#### BARN/UNGDOM

Melbye, Iben:  
Moonie

Osland, Erna:  
Farleg mørker

Paterson, Katherine:  
Juksemaker

Newth, Eirik:  
Jakten på sannheten



### BARNETIME


BIBLIOTEKET INVITERER  
3 - 6 ÅRINGAR TIL BARNETIME  
ONSDAG 12.03.97 KL.17.00



## Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern

Flere røykvarslere

i huset redder liv



Kobler du røykvarslene sammen  
øker du brannsikkerheten i  
hjemmet ditt

Erfaringer fra en del branner forteller at røykvarslere ikke alltid virker når de skal. Er det lang avstand mellom varsleren og brannstedet tar det nødvendigvis litt tid før den piper. Derfor bør vi installere flere røykvarslere i hjemmet vårt. Varslerne bør seriekobles slik at de piper samtidig dersom en røykutvikling starter. Dette betyr rask varsling og større muligheter for å slukke et branntilløp selv, før det utvikler seg til en stor-brann.

Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern, Norsk Brannvern Forening og Gjensidige Forsikring anbefaler minst to røykvarslere i leiligheter. Har vi hus over flere plan bør vi ha minst to varsler i hver etasje. Plasser alltid røykvarslene der det er størst fare for brann, for eksempel ved kjøkken og stue. Røykvarsleren skal dessuten høres, også når du sover med soveromsdøren lukket. Glem ikke å installere en varsler i barnerommet.

For å kople flere røykvarslere sammen, trenger man ganske enkelt varsler som kan seriekoples, og en ledning. Er du i tvil om fremgangsmåten så snakk med din nærmeste røykvarslerforhandler.

Den 31. januar var "Røykvarslerens dag". I forkant av den aksjonerte mange av landets brannvesen i nærmiljøet for røykvarslertesting og batteriskifte. Det er produsert en kalender som inneholder mange gode tips om hvordan vi kan forebygge brann i hjemmet. Kalenderen får du hos brannvesenet eller hos Gjensidiges distriktskontorer.

Det anbefales at vi skal sjekke røykvarsleren en gang pr. måned. Sett kryss i kalenderen og følg anbefalingen. Gode vaner gir god sikkerhet.

# RENNESØY VALDE NYNORSK

Rennesøy kommune hadde måløyting den 11. februar. Det var kome krav om dette frå folk som meinte at Rennesøy burde innføra bokmål som opplæringsmål.

I fylgje avisene var det stor diskusjon om dette spørsmålet i vekene før røystedagen. Mange "innfødde" hevda at det særleg var innflyttarar som hadde busett seg på Rennesøy etter RENNAFEST som nå ville ha bokmål. Men det viste seg at mellom innflyttarane var det også mange som gjekk i bresjen for å halda på nynorsk.

Røystinga resulterte i at 80% ville ha nynorsk som hovudmål i skulen.

Folk som var med på nynorsk-sida  
sa etterpå til Stavanger Aftenblad at  
dette først og fremst var eit verdi-val.  
Etter Rennfast synes det som om det  
er viktig å verna om den identiteten  
som språket gir.

Etter reglene skal det gå 5 år til

*neste avroysting.*

*Nabokommunen vår i sør er i  
selskap med fleirtalet av kommunane  
i Ryfylke og på Haugalandet når dei  
vil ha nynorsk.*

*Har dette interesse eller aktualitet for Bokn? Bokn har sikkert like lang tradisjon som Rennesøy når det gjeld nynorsk som skolemålsopplæring. På mange måtar er Bokn i tilsvarende situasjon som Rennesøy ved at kommunen er knytt til fastlandet og blir påvirket av å ha meir og nærmere kontakt med byen.*

Venevil Birkeland som er leiar i  
Bokn mållag seier til bygdabladet at  
ho synes det som skjedde på  
Rennesøy var så interessant at  
mållaget har invitert folk frå  
Rennesøy mållag til å fortelja om  
korleis dei opplevde striden om  
skulemalet på Rennesøy. Dette skjer  
på Allrommet den 5. mars kl. 19.30.



## BISPEVISITAS I TYSVÆR PRESTEGJELD



*Den 23. mars er det visitasgudsteneste i Bokn kyrkje. I samband med visitasen har soknerådet laga ei spørjeundersøking som skal avdekka haldningar og ynskje folk har til gudstenesta og kyrkjelydsarbeidet. Resultatet av undersøkinga vil bli lagt fram i eit ope møte på Bokn bedehus den 21. mars kl. 19.00 (merk tida)*

*kor biskopen vil vera til stades. I tillegg til spørjeundersøkinga vil ein sjå nærmare på det arbeidet som er gjort sidan biskopen var her i 1980, og om dei måla ein då sette er nådde.*

*Biskopen vil også ha skulegudsteneste den 21.03. kl. 08.30.*

*Han vil også ha ein time saman med ungdomsskuleeleverne der dei kan stilla spørsmål til biskopen.*

## NORGESCUP I MAT

Servitor-lærling Stefan Haram fra Bokn var med på Norgescup for kokke- og servitorlærlingar i Stavanger ei helg tidlegare i vinter. Servitorlaget han var med på frå restaurant Cartellet blei denne gongen nr. 4. Dei to vinnarlaga Nord-Trøndelag (kokkelærlingar) og frå Oslo (servitorlærlingar frå Continental) skal vidare Nordisk Mesterskap i Finland.

## STORT FRAMMØTE PÅ SPEIDARBASAREN FEKK KR. 13.000 INN PÅ BASAREN

Leiv Våga seier til bygdablatet at det var flott oppslutning på basaren som speidarrørsla i Bokn hadde tysdag den 25. februar på Bokn bedehus.

Fullt hus og heile kr. 13.000 i inntekter på basaren. Det gir inspirasjon når det er så god oppslutning, og gjer det mulig for speidaren å utvikla seg vidare.

## MENN - SJÅ HER!

*Nytt kurs i BORK!*


*Denne gong satsar vi på eit spesial kurs berre for menn over 18 år.*

*Stad: Hognaland*

*Tid: 18. - 19. mars. kl. 19.00.*

*Instruktør: Anette S. Grønnestad.*

*Påmelding til Åse Bratthammer i tlf. 52 74 86 69 innan 12. mars.*





BOKN BARNEHAGE  
4290 BOKN  
Tlf. 52 74 85 00

## BARNEHAGEPLASS FOR BARNEHAGEÅRET 1997/98

Ein viser til tidlegare oppslag. Ønskjer du/de barnehageplass barnehageåret 1997/98?

Heildagsplass, 5 vekedagar, kl. 07.30 - 15.45 (41 timer og 15 min. pr. veke)  
*Betalingssats: kr. 2.575,- pr. mnd. i 11 mnd. + kr. 153,- pr. mnd. til mat.*

Heildagsplass, 3 vekedagar, kl. 07.30 - 15.45 (24 timer og 45 min. pr. veke)  
*Betalingssats: kr. 1.545,- pr. mnd. i 11 mnd. + kr. 93,- pr. mnd. til mat.*

Heildagsplass, 2 vekedagar, kl. 07.30 - 15.45 (16 timer og 30 min. pr. veke)  
*Betalingssats: kr. 1.030,- pr. mnd. i 11 mnd. + kr. 61,- pr. mnd. til mat.*

Søskenmoderasjon er 30%

Kommunen kan ikkje garantera at det blir tildelt plass for 2 eller 3 vekedagar anna enn ved at 2 barn deler ein 5-dagars plass. Slik deling vil bli gjort av opptaksnemnda.

Søknadsskjema er nå lagt ut i barnehagen, og du kan få skjema ved å venda deg til styrar/avdelingsleiar i barnehagen, tlf. 52 74 85 00.

**OBS! søknadsfrist 05.03.97.**

Spørsmål kan rettast til styrar.

Wenche T. Løkken  
styrar

### RETTINGAR

Bokn Bygdablad nr. 1 - 1997 hadde eit par feil som må rettast opp. I historia "Frå mi jordmortid" sto det i innleiinga at "Karen Thorsen i Sandnes, som har fylt 87 år, skreiv dette for Årbok for Jæren 1952 på sjermål". Det skal sjølv sagt forståast slik at Karen Thorsen var i 87-års alderen i 1952 då årboka vart utgitt.

Under MINNEORD for Ragna Våge sto det at ho etter krigen saman med Laurits flytta til hennar heimagard. Laurits Jøsang var Ragna sin far, og det var sjølv sagt ektefellen Johannes P. Våge som ho flytte saman med til heimagarden etter krigen. Eg beklagar feilen.

*Red.*

### MOSJON

Personlig tilpassede doser mosjon kan være mye bedre for kropp og sjel enn legebesøk.

*Harry Munthe Svabø  
generalsekretær i legeforeningen*

### BARNDOM

Barndommen er det viktigste i et menneskes liv. Det er da du får det sett av verktøy du trenger for å møte verden.

*Gørán Tunstrøm  
forsatter*

## **FORELDREFØREBUANDE/ SVANGERSKAPSKURS**

Helsestasjonen innbyr til kurs som startar tysdag den 4. mars kl. 19.00. Meir opplysningar og påmelding innan 3. mars.

Tlf. 52 74 85 00 (arb.)

Tlf. 52 74 84 55 (priv.)

**Helsesøster**



## **GJENNOMSNITT PÅ 10 BARN**

Dei fire siste åra har det vore eit gjennomsnittleg fødselstal på vel 10 nyfødde i Bokn. I 1996 vart det fødd 13 barn, i 1995 var det 7, i 1994 kom det opp i 11 og i 1993 var talet 10.

Ford Sierra stasj. vogn 2,0 CLX  
1992-mod. til salgs. Km: 77.000.  
God fam.bil i god stand.  
Tlf 52 74 86 74

**IRUS** tojhjuls traktor (1956) med kjerre, slåmaskin, plog og hyppe til salgs.  
**Tlf. 52 74 83 31**

Hjartleg takk til alle som hugsa meg på 80 års dagen min.

*Helsing Hildur Grønnestad*

Hjartleg takk til alle som hugsa meg på 90 års dagen.

*Helsing Elisa Ognøy*

*For 25 år sidan (januar) sto dette i avis:*

*Bokn nye barne- og ungdomsskole .... blir et anlegg med en samlet grunnflate i 1. etasje på i alt ca. 2.000 kvm. og kostnaden blir på i alt ca. 4 mill. kroner når idrettsanlegget regnes med.*

## **KJÆRE DEG!**

TYSVÆR, Bokn og Vindafjord lag av LHL (Landsforeningen for hjerte- og lungesyke) er et lag som blei starta i 1991.

Som navnet sier, arbeider vi for de som er hjerte- eller lungesyke.

Vi har 4-5 medlemsmøter i året. Da har vi som oftest en foredragsholder som forteller noe som angår oss. På medlemsmøtene har vi og utloddning. Pengene som kommer inn blir brukt til gode for lokalbefolkningen. Laget

vårt har 62 medlemmer, men vi skulle gjerne hatt mange flere. Kunne du tenke deg å bli medlem/støtte-medlem?

Ta gjerne kontakt med

<i>Signe Hervik</i>	<i>Tlf. 52 77 50 39</i>
<i>Kjell Lindanger</i>	<i>" 52 77 92 06</i>
<i>Edvin Øvrebo</i>	<i>" 52 74 85 90</i>
<i>Elsa Bastlien</i>	<i>" 52 77 83 58</i>

*Hilsen styret*

## **SPAR STRØM OG FÅ ET BEDRE INNEMILJØ !**

Varmepumper, ventilasjon med varmegjenvinning,  
sentralstøvsuger m.m. Fagmessig og rimelig.



## **ENERGI & KOMFORT**



**4290 BOKN**

**Tlf 52 74 82 75. Mob.tlf 90 69 43 50.**



**STATOIL**

### **Informasjonsmøte-Europipe II**

Statoil og Bokn kommune innbyr til ope informa sjønsmøte om Europipe II. Her vil Statoil infor mera om status og framdrift i prosjektet, særleg vedr. anleggsdrifta.

Rogaland Consultans orienterer om revegetering (tilbakeføring av natur/landskap). Det vil vidare bli informert om konsekvensutreiiingsprosessen og om korleis Statoil vektlegg miljøaspektet.

Statoil vil gi generell informasjon om eideoms avtalar.

Møtet blir halde på Allrommet, Boknatun, torsdag den 13. mars 1997 kl. 19.00.

### **ENDRING AV DATOAR FOR KOMMUNALE MØTE**

Kommunestyremøtet som skulle vera den 4. mars er flytta til 11. mars.  
Forvaltningsstyret har møte den 5. mars. Det blir ikkje møte 12.mars.

## **BOKN BYGDABLAÐ**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf.52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto3373 07 00305

### **BYGDABLAÐNEMND:**

Arvid K. Jøsang, Eli Kro  
Reidun Grønnestad  
**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilsida: kr. 300,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,- ½ side: kr. 50,-  
Små privatannonser: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

# Bokn folkebibliotek

HER

## ARRANGEMENT:

- 02.03: Møte, Israelsmisjonen. Bokn bedehus kl. 19.30.  
\* Leirskule i veke 10: 6.og 7.kl.  
05.03: Årsmøte i Bokn mållag - Allrommet kl. 19.30  
05.-09: Møte, Indre sjøm.misj. kl.19.30 på Bokn bedehus  
10.03: Medlemsmøte i BORK  
12.03: Barnetime på biblioteket kl. 17.00 for barn 3 - 6 år.  
12.03: BINGO! Arr: Bokn idrettslag  
13.03: Statoil og Bokn kommune har info-møte på Allrommet kl.19  
16.03: Årsmøte i Bokn bedehus kl.19  
19.03: **Roser** v/ Odd Haukås på Allrommet kl. 19.00.  
Arr: Bokn hagelag.  
21.03: Skulegudsteneste m/Biskopen kl. 08.30.  
21.03: Ope møte på bedehuset m/Biskopen kl. 19.00.  
22.03: Dans på Bokn skule.  
Arr: Bokn musikkorps.  
\* Påskeferie for skulen veke 13.

**LENSMANN**  
*Det er slutt med faste kontordagar for lensmannen i Boknatun.*  
*Lensmannen har kontor i Aksdalssenteret - tlf. 52 77 54 80*

**LANDBRUKSKONTORET**  
*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00



- 09.03. kl.11: Gudsteneste v/ Helge Gaard og Erwin Lersch. Offer til Norsk Misjon i Øst.  
23.03. kl.11: **BISPEVISITAS**. Offer til Bispedømmets Fellestj.  
28.03. kl.11: Gudsteneste v/ Arne Aurdal. (Langfredag).  
30.03. **kl. 15**: Gudsteneste v/ Arne Aurdal. Offer til Menigh. fak.

**FOTTERAPI**  
Kvar onsdag. Påmelding i tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

**LEGEKONTORET**  
*har ope for konsultasjonar*  
*måndagar og torsdagar*

**HELSESTASJONSDAG**  
Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.  
Marie Løvoll Faye  
helseøster

**BOKN FYSIOTERAPI**  
Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00  
*Opningstider:*  
*onsdag og annankvar laurdag*